



**DET KONGELEGE  
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT**

**Forslag til ny forskrift  
om lovbrotsgebyr og tvangsmulkt  
i medhald av havressurslova**

**Høringsnotat av 21. januar 2011**

**Høringsfrist 1. mai 2011**

1.	Innleiing.....	3
1.1	<i>Heimel for lovbrotsgebyr – havressurslova § 59</i> .....	3
1.2	<i>Tvangsmulkt</i> .....	3
2.	Bakgrunn .....	4
3.	Om lovbrotsgebyr .....	5
3.1	<i>Forholdet til Grunnlova § 96</i> .....	5
3.2	<i>Lovbrotsgebyr – føremål</i> .....	5
4.	Om forholdet til Den europeiske menneskerettskonvensjonen. ....	6
4.1	<i>Straffeomgrepet</i> .....	6
4.2	<i>Konsekvensar av at lovbrotsgebyr blir rekna som straffesikting</i> .....	7
4.3	<i>Rett til domstolsprøving</i> .....	8
4.4	<i>Retten til avgjerd innan rimeleg tid</i> .....	8
4.5	<i>Uskuldspresumsjonen i straffesaker</i> .....	8
4.6	<i>Visse minimumsrettar i straffesaker</i> .....	9
4.7	<i>Legalitetsprinsippet og forbod mot tilbakeverknad</i> .....	10
4.8	<i>Forbodet mot gjenteken forfølging («dobbelstraff»)</i> .....	10
5.	Om lovbrotsgebyr i havressurslova.....	12
5.1	<i>Generelt</i> .....	12
6.	Verkeområde .....	13
7.	Nærare retningslinjer for bruk av lovbrotsgebyr.....	15
7.1	<i>Forholdet til administrativ inndraging</i> .....	17
7.2	<i>Skuldkrav og utmåling</i> .....	17
7.3	<i>Tvangsmulkt</i> .....	19
7.4	<i>Sakshandsamingsreglar og innkrevjing</i> .....	20
8.	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	21
9.	Forslag til ny forskrift om lovbrotsgebyr og tvangsmulkt i medhald av havressurslova .....	22

## 1. Innleiing

Fiskeri- og kystdepartementet legg med dette fram forslag til forskrift om lovbrotsgebyr og tvangsmulkt fastsett med heimel i lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av villlevande marine ressursar (havressurslova).

Høyringsnotatet inneheld ei framstilling av kva for sakstypar departementet i første omgang meiner er aktuelle for bruk av lovbrotsgebyr og kva moment som skal leggjast til grunn for utmålinga av lovbrotsgebyret. Høyringsnotatet vil også ta for seg forholdet til Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Utgangspunktet er at lovbrotsgebyr ikkje blir sett på som straff i norsk rett. Men straffeomgrepet i EMK er annleis enn i norsk rett. Vi vil derfor gjere greie for dei mest aktuelle problemstillingane knytt til lovbrotsgebyret og korleis forholdet mellom EMK og norsk rett kan harmoniserast.

Havressurslova er langt på veg ei fullmaktslov der dei enkelte føresegnene delegerer heimel for departementet til å gi nærare føresegner i forskrifter. I hovudsak vil det derfor vere brot på føresegner gitt med heimel i havressurslova som vil bli sanksjonerte med lovbrotsgebyr. Det er likevel grunn til å understreke at fleire sentrale plikter er fastsette direkte i havressurslova, som til dømes ilandføringsplikta og kravet til føring av landings- og sluttsetlar. Fiskerinæringa blir regulert gjennom ei rekkje forskrifter som til saman inneheld svært mange og detaljerte enkeltføresegner. Dei fleste av desse vil i prinsippet eigne seg for sanksjonar med lovbrotsgebyr. Av praktiske årsaker bør likevel bruken i første omgang avgrensast til dei tilfella som vil vere mest praktiske å sanksjonere med lovbrotsgebyr.

### 1.1 Heimel for lovbrotsgebyr – havressurslova § 59

Føresegna i havressurslova § 59 første ledd gir departementet heimel til å påleggje den som med vilje eller aktaust bryt reglar som er fastsette i eller i medhald av lova, lovbrotsgebyr. Føresegna lyder:

*Departementet kan påleggje den som med vilje eller aktaust bryt føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova, lovbrotsgebyr. Lovbrotsgebyr kan påleggjast etter faste satsar eller utmålast i kvart enkelt tilfelle. Ved fastsetjing av gebyret kan det mellom anna takast omsyn til fortienesta eller den potensielle fortienesta som den ansvarlege har hatt ved lovbrotet, kor alvorleg lovbrotet er, og ekstra kostnader som kontrolltiltak og handsaming av saka har ført med seg.*

I § 59 andre ledd får departementet heimel til å gje nærare reglar om lovbrotsgebyret gjennom forskrift. Slike nærare reglar blir det gjort framlegg om i dette høyringsnotatet. Forskriftsforslaget utfyller dermed den generelle regelen i havressurslova om lovbrotsgebyr og gir utfyllande reglar om utmåling av lovbrotsgebyr.

### 1.2 Tvangsmulkt

Havressurslova § 58 inneheld heimel til å påleggje tvangsmulkt for å sikre at plikter fastsette i eller i medhald av havressurslova blir følgde. Tvangsmulkt er eit verkemiddel for å få nokon til å rette seg etter ei plikt. Pliktene kan vere fastsette i lov, forskrift eller i enkeltvedtak med

heimel i havressurslova. Føremålet med tvangsmulkt er ikkje å straffe for eit lovbrøt som har skjedd, men å tvinge fram at ei plikt blir oppfylt. Tvangsmulka sluttar derfor å løpe når plikta er oppfylt. Tvangsmulka er såleis i utprega grad eit tiltak som er retta framover. Så lenge føremålet med tvangsmulkt er eit anna enn å påføre borgaren/føretaket eit vonde som ein reaksjon mot eit brøt, har det ikkje noko å seie at mulka blir opplevd som eit vonde av den vedtaket rettar seg mot. Det har heller ikkje noko å seie at tvangsmulka kan komme opp i betydelege summar.

## 2. Bakgrunn

Føresegna om lovbrøtsgebyr i havressurslova er ny, men deltakarlova har sidan 2004 opna for å påleggje lovbrøtsgebyr for brøt på fiskerilovgivinga. Denne heimelen har ikkje vore nytta og det er heller ikkje gitt nærare reglar om dette i forskrifter i medhald av deltakarlova.

Havressurslova inneheld reglar om straff og straffeprosessuell inndraging for brøt på reglane fastsette i eller i medhald av lova. Dette er i stor grad ei vidareføring av tilsvarande føresegner i saltvassfiskelova. Vidare kan straff i enkelte tilfelle bli sett på som ein skarp reaksjon på enkelte typar brøt. Det var derfor behov for meir effektive reaksjonsformer i havressurslova, og blant anna derfor er det no gitt reglar om lovbrøtsgebyr i lova.

Føremålet med havressurslova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna, jf. havressurslova § 1. Havressurslova regulerer ikkje berre næringsverksemd knytt til dei tradisjonelle ressursane. Lova legg også til rette for å regulere og forvalte nye ressursar som ikkje har vore omfatta av saltvassfiskelova. Lova er dermed ei felles forvaltning for alle viltlevande marine ressursar.

Fiskeressursane er ikkje den enkelte fiskaren sin eigedom, dei tilhøyrer fellesskapet i Noreg, jf. havressurslova § 2. Det er avgjerande at dei som haustar av desse ressursane respekterer dei reguleringane som styresmaktene fastset. Føremålet med lovbrøtsgebyret er å medverke til at regelverket blir følgt på ein betre måte.

Sanksjonsutvalet definerer ein sanksjon slik i NOU 2003:15 Fra bot til bedring:

*En sanksjon er en negativ reaksjon som kan ilegges av offentlig myndighet med hjemmel i lov, forskrift eller individuell avgjørelse, og som har et hovedsakelig eller vesentlig pønalt formål.*

Ein av grunntankane til sanksjonsutvalet var å avkriminalisere lovbrøt som i dag er strafflagde, men som kan handhevast gjennom administrative sanksjonar eller andre forvaltningstiltak. Men sanksjonen har likevel som føremål å påføre gjerningspersonen eller føretaket eit vonde på vegne av samfunnet.

Sanksjonsutvalet uttalte at administrative sanksjonar bør nyttast ved brøt der det er nødvendig med ein sanksjon, men der brøtet ikkje oppfyller kvalifikasjonskravet for straff. Det er rett nok ikkje ei øvre grense for når ein kan påleggje ein administrativ sanksjon i staden for straff. Også for handlingar som oppfyller kvalifikasjonskravet for straff, kan det tenkjast at det vil vere meir føremålstenleg å nytte ein administrativ sanksjon i staden for straff. Det same gjeld når den interessa handlingsnorma vernar ikkje er så viktig at ho forsvarar bruk av straff ved brøt.

Ved delvis å avkriminalisere lovbrota tek departementet sikte på at det i dei sakene som i dag blir melde til politiet, men som har eit mindre omfang, skal påleggjast lovbrotsgebyr. Dermed blir terskelen for å melde saker til politiet høgre, jf. vurderingane i Ot.prp. 20 kapittel 9.7.4 (2007-2008).

På andre samfunnsområde har dei i fleire høve lovbrotsgebyr som reaksjonsform, blant anna i marknadsføringslova, kringkastingslova og energilova. I fiskerilovgivinga har også akvakulturlova ei føresegn om lovbrotsgebyr.

### **3. Om lovbrotsgebyr**

Når det offentlege pålegg ein sanksjon som følgje av ei uønskt handling eller unnlating, er det utslag av at det offentlege utøvar myndigheit og det inneber eit inngrep i rettsfæren til borgaren. Det følgjer av legalitetsprinsippet i forvaltningsretten at eit slikt inngrep må ha heimel i lov. Legalitetsprinsippet krev også at det går tydeleg fram av lova kva handlingar eller unnlatingar som kan føre til ein sanksjon ved brot og kva for personkrins sanksjonen kan rettast mot.

#### **3.1 Forholdet til Grunnlova § 96**

Lovbrotsgebyr er ikkje å sjå på som straff etter Grunnlova § 96, jf. drøftinga i Ot.prp. nr. 70 (2003-2004) kapittel 5.5 om lovbrotsgebyr i deltakarlova som det også er vist til i Ot. prp. nr. 20 om havressurslova. Sanksjonsutvalet legg til grunn at ikkje berre bagatellmessige sanksjonar, men også meir inngripande tap av rettar, større lovbrotsgebyr og tap av offentlege ytingar for ein større sum eller eit lengre tidsrom vil vere i samsvar med Grunnlova § 96. Men ordninga må vere sakleg grunnitt og vere bygd opp med gode rettssikkerheitsgarantiar, medrekna klagerett og rett til domstolsprøving. Vidare vil det at lovgivar ikkje karakteriserer tilhøvet som straff ha vekt.

Sjølv om lovgivar ikkje karakteriserer tilhøvet som straff, kan likevel tilhøvet bli karakterisert som straff etter reglane i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 6. Det blir gjort greie for problemstillingane knytt til EMK i kapittel 4.

#### **3.2 Lovbrotsgebyr – føremål**

Eit lovbrotsgebyr kan karakteriserast ved at forvaltninga pålegg eit rettssubjekt å betale ein pengesum til det offentlege som følgje av at rettssubjektet eller nokon som han har ansvaret for, har brote ei handlingsnorm fastsett i eller i medhald av lov. Lovbrotsgebyr har to hovudføremål. Det eine er eit preventivt føremål, både individualpreventivt og allmennpreventivt. Det andre føremålet er pønalt, føremålet er at gjerningspersonen eller føretaket ved eit lovbrotsgebyr skal kjenne det som eit vonde som blir påført av staten. Høvet til å påleggje lovbrotsgebyr kan auke reaksjonsfrekvensen, og dermed på lengre sikt auke oppslutninga om reglane i lova.

Føremålet bak lovbrotsgebyr er også å redusere bruken av straff. Ved å nytte administrative sanksjonar i staden for straff vil belastninga for den som blir pålagd sanksjonen bli redusert. Det å bli pålagt straff kjennest belastande for mange, både personleg og sosialt. Særleg i dei

høve der lovbroten kan tykkjast å vere uvesentleg, vil den som blir pålagt straff kunne kjenne det som mishøveleg. Eit lovbrotsgebyr vil føre til raskare avklaring for den enkelte og prosessen rundt ei politimelding vil falle bort. Ved bruk av lovbrotsgebyr vil lovbyrtaren også ha fleire rettar etter forvaltningslova under sjølve saksførebuinga enn han vil ha under etterforskinga etter straffeprosesslova.

#### **4. Om forholdet til Den europeiske menneskerettskonvensjonen.**

##### **4.1 Straffeomgrepet**

Sjølv om lovbrotsgebyr ikkje er straff i Grunnlova sin forstand, kan det måtte reknast som straff i høve til Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Dette har ikkje konsekvensar for kva instans som kan påleggje sanksjonen, men for kva krav som må stillast til sakshandsaminga og høve til domstolshandsaming i samband med fastsetjing av lovbrotsgebyr etter havressurslova.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen, heretter forkorta til EMK, gjeld som norsk lov, jf. lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven) av 19. mai 1999 nr 30 § 2. Lova har ei forrangsføresegn i § 3, som fastset at i tilfelle motstrid mellom EMK og norsk rett, skal føresegnene i EMK gå først.

Det er opp til nasjonale styresmakter å fastsetje kva som skal reknast som straff etter nasjonal lovgeving. Sjølv om ein sanksjon ikkje er rekna som straff i nasjonal rett, kan likevel sanksjonen vere å rekne som straff i høve til EMK. Blir ein sanksjon å rekne som straff etter EMK, må dei krava som går fram av EMK til sakshandsaming og høve til domstolshandsaming følgjast. Fastsetjing av eit lovbrotsgebyr etter havressurslova vil som utgangspunkt oppfylle krava til sakshandsaming og domstolskontroll som EMK set opp, gjennom lov om behandlingssåten i forvaltningssaker av 02.10. 1967 (forvaltningsloven). Krava EMK stiller blir gjennomgått nedanfor.

EMK artikkel 6 nr. 1, har særleg mykje å seie for fastsetjing av eit lovbrotsgebyr.

Den norske omsetjinga av EMK artikkel 6 nr. 1 lyder:

*«For å få avgjort sine borgerlige rettigheter og plikter eller en straffesiktelse mot seg, har enhver rett til en rettferdig og offentlig rettergang innen rimelig tid ved en uavhengig og upartisk domstol.»*

Lovbrotsgebyret som blir pålagt med heimel i havressurslova, er ein sanksjon utferda av forvaltninga. Etter norsk rett vert ikkje dette rekna som straff. Etter EMK er praksisen derimot annleis. EMK artikkel 6 nr.1 brukar omgrepet ”straffesiktelse”. I følgje praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD), er ikkje uttrykket ”straffesikting” avgrensa til å gjelde straffesikting som er utferda av påtalemakta. Omgrepet femner også om sanksjonar som er pålagt av forvaltninga. Administrative økonomiske sanksjonar som har blitt karakteriserte som avgjerd om straffesikting er m.a. gebyr for trafikkbrot og tilleggsskatt. Det er viktig å merke at ”straffesikting” ikkje er eit formelt omgrep, men eit materielt omgrep. Dette inneber at det er nok at det blir gjort gjeldande at vedkomande har gjort ei strafflagd handling. Ved å fastsetje lovbrotsgebyr vil det etter EMK sin definisjon av straff bli gjort

gjeldande at det er utført ei strafflagd handling når forvaltninga gir førehandsvarsel om at det kan bli pålagt eit lovbrotsgebyr.

Det avgjerande for om sakshandsaminga må følgje dei rettssikkerheitsgarantiane som følgjer av EMK, er etter dette om fastsetjing av lovbrotsgebyr vil innebere ei ”straffesikting” etter EMK artikkel 6 nr. 1.

Om ein sanksjon skal reknast som straffesikting etter EMK art 6, er etter praksis frå EMD avhengig av tre kriterium, dei såkalla Engel-kriteria: 1) nasjonal klassifisering, 2) karakteren til lovbrotet og 3) innhaldet og alvoret i den sanksjonen som det er aktuelt å påleggje. Vilråa er alternative. Det inneber at det er nok at eit av vilråa er oppfylt for at sanksjonen er å rekne som straff. Dersom dei alternative vilråa isolert sett ikkje er oppfylte, kan vilråa også verke kumulativt.

Sidan lovbrotsgebyr ikkje blir rekna som straff i høve til Grunnlova § 96, heng det saman med kriteria om karakteren til lovbrotet og innhaldet og alvoret i sanksjonen, om lovbrotsgebyret skal reknast som straff i høve til EMK art 6 nr.1

I vurderinga av ”karakteren til lovbrotet”, har det vekt om ansvar etter det aktuelle regelverket føreset konstatering av skuld, eller om ansvaret blir fastsett på eit objektivt grunnlag. Vidare har det vekt om regelen har eit pønalt føremål. Sidan det er fastsett eit skuldkrav i føresegna om lovbrotsgebyr, vil det i mange høve bli karakterisert som straff etter EMK.

Vurderingskriteriet ” innhaldet og alvoret” i sanksjonen knyter seg til kva reaksjon det er snakk om; fridomstap, økonomiske sanksjonar, rettstap mv., og kor strengt innhaldet i sanksjonen er. I samband med lovbrotsgebyr vil det ha vekt om det blir pålagt eit stort eller eit lite gebyr. Lovbrotsgebyr som blir pålagt etter havressurslova kan bli så stort at det vil vere alvorleg for den som blir pålagt eit slikt gebyr. Når det gjeld innhaldet i sanksjonen er det vidare eit moment kva føremålet med å påleggje sanksjonen er. Lovbrotsgebyret etter havressurslova vil ha eit pønalt føremål gjennom å påføre gjerningspersonen eller føretaket eit vonde som ein reaksjon frå samfunnet for lovbrotet. Vidare har lovbrotsgebyret eit preventivt føremål. Føremålet er som tidlegare nemnt både individualpreventivt og allmennpreventivt. Bruken av lovbrotsgebyr har dermed eit avskrekkande føremål både for den enkelte og overfor andre potensielle lovbrutarar.

Fiskeri- og kystdepartementet legg dermed til grunn at eit lovbrotsgebyr som blir pålagt med heimel i havressurslova i mange høve vil karakteriserast som ei straffesikting etter EMK. For å sikre at fastsetjing av lovbrotsgebyr ikkje inneber eit brot på EMK, er det nødvendig å ivareta dei rettssikkerheitskrava som er sette opp i EMK artikkel 6. Vi går gjennom desse nedanfor.

#### ***4.2 Konsekvensar av at lovbrotsgebyr blir rekna som straffesikting***

Grunnkravet i EMK artikkel 6 er at prosessen skal vere rettferdig. Kva som blir rekna som ein rettferdig prosess er illustrert gjennom praksis frå EMD, og det blir stilt krav til ei rekkje ulike rettssikkerheitsgarantiar ut over dei som følgjer direkte av artikkelen: Partane skal vere likestilte under rettargangen, kontradiksjonsprinsippet skal gjelde, partane skal ha høve til å vere til stades under rettargangen, avgjerder skal grunngiast i rimeleg grad og i saker som inneber straffesikting gjeld det eit vern mot sjølvinkriminering. Praksisen frå EMD er likevel ikkje fullstendig og andre forhold kan ha vekt for kravet til ein rettferdig prosess.

I det følgjande drøftar vi kort dei sidene ved artikkel 6 som vil ha mest å seie for spørsmåla som er knytt til lovbrotsgebyr.

#### ***4.3 Rett til domstolsprøving***

Artikkel 6 har blitt tolka slik at han sikrar tilgjenge til domstolane for alle saker som fell inn under bruksområdet til artikkelen. I saker som inneber avgjerd i ei straffesikting, gjeld det eit strengt krav om tilgjenge til domstolane. Domstolen må vidare ha høve til full prøving av dei faktiske og rettslege sidene av saka. Konvensjonen stiller derimot neppe noko krav om at domstolen skal kunne prøve forvaltninga sitt såkalla "frie skjønn" i det underliggjande vedtaket. Dette vart lagt til grunn av Sanksjonsutvalet i NOU 2003:15 side 102 pkt 5.7.10

Kravet om tilgjenge til domstolsprøving er oppfylt ved den allmenne retten til å bringe forvaltningsvedtak inn for domstolen.

#### ***4.4 Retten til avgjerd innan rimeleg tid***

Artikkel 6 nr. 1 gir alle som er omfatta av artikkelen ein rett til å få saka si avgjort innan rimeleg tid. Det kan likevel ikkje setjast nokon bestemt frist for sakshandsamingstida, då ei rekkje forhold vil ha vekt i vurderinga. I konvensjonspraksis er det utvikla enkelte kriterium for vurderinga av kravet til rimeleg tid. Eitt moment som har vekt er kor mange instansar saka blir handsama i. Eitt anna moment er den rettslege og faktiske kompleksiteten til saka. Komplekse saker krev rimelegvis lengre sakshandsamingstid enn enklare saker. Vidare har framferda til klagaren og styresmaktene noko å seie. Dersom klagaren sjølv unødig har trekt ut sakshandsaminga og styresmaktene av den grunn ikkje kan lastast for den lange sakshandsaminga, skal det mykje til for at kravet til rimeleg tid i EMK artikkel 6 nr. 1 er krenkt. Fristen for sakshandsamingstida startar å gå frå klagetidspunktet og blir avbroten når det ligg føre ein rettskraftig dom eller saka på annan måte er endeleg avslutta.

Departementet vil vise til kravet i forvaltningslova i § 11 a om at forvaltningsorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Føresegna må i utgangspunktet kunne seiast å ivareta dei krav til avgjerd innan rimeleg tid som domstolen set. Om kravet til avgjerd innan rimeleg tid er tilfredsstilt etter EMK, vil etter dette måtte bli vurdert konkret i kvart enkelt tilfelle.

#### ***4.5 Uskuldspresumsjonen i straffesaker***

Artikkel 6 nr. 2 fastslær at alle som blir sikta for ei strafflagd handling, skal reknast som uskuldig til skuld er bevist etter lova:

*"Enhver som blir siktet for en straffbar handling, skal antas uskyldig inntil skyld er bevist etter loven"*

Artikkel 6 nr. 2 har likevel ikkje nokon uttrykkjeleg regel om kva beviskrav som skal gjelde for å konstatere skuld.

Spørsmålet om beviskrav i EMK artikkel 6 vart handsama i Høgsteretts dom Rt.2007 s.1217 og Rt.2008 s.1409.



I Rt.2007 s. 1217 der saka gjaldt mellombels tilbakekall av ervervsløyve etter deltakarlova, kom Høgsterett etter ein gjennomgang av rettspraksis frå EMD til at EMK artikkel 6 nr. 2 inneheld eit beviskrav som tilseier at det er den som pålegg sanksjonen som skal ha bevisbyrda. Høgsterett legg i dommen til grunn eit nyansert krav til styrken i beviset og at kravet til bevis ikkje står like sterkt i alle relasjonar. I forlenginga av vurderinga av styrken i beviskravet kjem Høgsterett fram til at det er særleg behov for eit nyansert bilde når det gjeld sanksjonar som er pålagte av forvaltninga og som ikkje blir karakteriserte som straff etter nasjonal rett, men som blir det etter EMK artikkel 6. Avhengig av kor inngripande ein forvaltningssanksjon er, kom Høgsterett til at klår sannsynlegovervekt etter omstenda vil kunne tilfredsstillte beviskravet. Det går også fram av den same dommen at det heller ikkje kan vere akseptabelt å stille lågare krav til bevis så lenge ein sanksjon er å karakterisere som straff etter EMK artikkel 6.

Spørsmålet om beviskrav knytt til administrative sanksjonar var også ei problemstilling i Rt. 2008 s.1409 der saka gjaldt tilleggsskatt. Saka gjekk for Høgsterett i storkammer. Fleirtalet i Høgsterett slutta seg til Høgsteretts dom 2007 s. 1217 når det gjeld beviskravet etter EMK artikkel 6. Høgsterett legg vekt på at nasjonale handhevingsbehov og effektivitetsbehov talar for at det skal stillast lågare krav til styrken i beviset i sanksjonar pålagte av forvaltninga enn i tradisjonelle saker om straff.

Høgsterett har såleis stilt eit strengare beviskrav enn i sivile saker, men likevel ikkje så strengt som det er i den allmenne strafferetten.

For ein administrativ sanksjon som lovbrotsgebyr, vil styresmaktene vurdere skuldspørsmålet og om beviskravet er oppfylt som ein del av sakshandsaminga før ein pålegg gebyret. Departementet legg til grunn, i tråd med Høgsteretts avgjerder i dommane som er nemnde ovanfor, eit beviskrav om klår sannsynlegovervekt for å påleggje lovbrotsgebyr med heimel i havressurslova.

#### ***4.6 Visse minimumsrettar i straffesaker***

Artikkel 6 nr. 3 listar opp visse minimumsrettar som kjem til bruk i straffesaker og som såleis også vil kunne kome til bruk når ein pålegg lovbrotsgebyr. Desse rettane medverkar til å presisere krava til ein rettferdig prosess i artikkel 6 nr. 1, men nemner ikkje uttømmande dei krava som blir stilte for å sikre ein rettferdig rettargang.

*Bokstav a* fastset retten til å bli informert straks om ei straffesikting på eit språk som den sikta forstår, slik at parten får høve til å forsvare seg. Ved administrative sanksjonar som utløyser vernet i artikkel 6 nr. 3, vil førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16 sikre at rettane etter bokstav a blir ivaretekne.

*Bokstav b* gir parten eit krav på tilstrekkeleg tid og høve til å førebue forsvaret og heng såleis nær saman med føresegna i bokstav a. Dette blir også teke vare på av § 16 i forvaltningslova. Den allmenne vegleiingsplikta som forvaltninga har vil også medverke til å sikre den retten som går fram av føresegna.

*Bokstav c* fastset ein rett til å få forsvare seg personleg eller gjennom juridisk bistand etter eige ønskje. Dersom parten manglar midlar, gir føresegna ein rett til juridisk bistand betalt av det offentlege dersom det er nødvendig i rettfërda si interesse. Retten til sjølv å ta til motmæle

eller å la seg representere av ein advokat vil ikkje skape problem i saker om administrative sanksjonar, då dette er teke vare på i forvaltningslova § 12.

Det kan likevel bli eit spørsmål om kor langt retten til juridisk bistand betalt av det offentlege rekk. Rettane etter artikkel 6, og særleg artikkel 6 nr. 3, skal komme vedkommande til gode i den grad rettferda i prosessen vil kunne bli alvorleg svekka dersom rettane etter føresegnene ikkje blir nytta. Vurderinga av om det offentlege skal betale juridisk bistand må uansett skje på bakgrunn av særtrekka ved den aktuelle sakshandsaminga og dei konkrete saksforholda. Det viser for så vidt reglane i forvaltningslova § 36 om dekning av sakskostnader i klagesaker i visse tilfelle. Departementet finn ikkje grunn til å regulere dette spesielt i forslaget som blir fremma her om innføring av lovbrotsgebyr.

*Bokstav e* gir parten rett til tolk dersom han ikkje forstår eller snakkar det språket som retten nyttar. Føresegna tek etter ordlyden i utgangspunktet sikte på ordinær rettargang og ikkje administrativ forfølging. Vedkommande kan ha krav på tolk på forvaltningsstadiet i visse tilfelle. Vurderinga her vil bli den same som for retten etter bokstav c, og det avgjerande er om rettferdas interesse krev at det blir stilt ein tolk til disposisjon. Det må vurderast konkret på bakgrunn av det enkelte saksforholdet om det ligg føre eit krav på tolk på forvaltningsstadiet. Det er såleis ikkje grunn til å regulere dette nærare.

Konklusjonen er at krava til ein rettferdig prosess ikkje skaper problem i høve til forslaget om å innføre lovbrotsgebyr, på bakgrunn av reglane som er fastslegne i forvaltningslova.

#### ***4.7 Legalitetsprinsippet og forbod mot tilbakeverknad***

EMK artikkel 7 fastset at ingen kan straffast utan etter lov og forbyr tilbakeverkande straffelover. Føresegna set også krav til klårleiken i gjerningsomtalen. Omsynet bak føresegna er å sikre at rettsstillinga til den enkelte borgaren skal kunne vurderast på førehand. For administrative sanksjonar er krava tekne vare på gjennom det ulovfesta legalitetsprinsippet som gjeld på forvaltningsretten sitt område, og av Grunnlova § 97.

#### ***4.8 Forbodet mot gjenteken forfølging («dobbeltraff»)***

EMK tilleggsprotokoll 7 artikkel 4 nummer 1 vernar mot dobbelttraff. Det blir her fastsett at ingen skal stillast for retten eller straffast to gonger for same strafflagde handling. Føremålet med føresegna er å gi beskyttelse mot den belastninga det er å bli utsett for ei ny straffeforfølging for eit forhold som gjerningsmannen hadde ei rettkomen forventning om å vere ferdig med.

Forbodet kjem til bruk når to ulike sanksjonar knytt til same handling blir definert som straff etter EMK, og desse to ikkje er pålagde samtidig.

Kjerneområdet for forbodet mot dobbelttraff er ordinære straffesaker som følgjer straffeprosessen sine former. Bruksområdet er knytt til uttrykket «straffet», som etter praksis frå EMD må tolkast i lys av Engel-kriteria. Ei administrativ forfølging kan komme før eller etter ei ordinær straffesak, eller ein kan tenkje seg gjenteken administrativ forfølging for same forholdet. Der ein administrativ prosess er å sjå på som straffesikting etter EMK artikkel 6, vil det endelege administrative vedtaket avskjere høvet til å straffe for det same forholdet. Dersom den første prosessen er avgjort, blir altså konvensjonen krenkt allereie ved starten av ei ny forfølging for det same forholdet.

Som vist til framanfor, kan fastsetjing av lovbrotsgebyr falle inn under straffeomgrepet i EMK og såleis også kunne bli ramma av forbodet mot gjenteken forfølgning for same forhold i tilleggsprotokoll 7 artikkel 4. Det avgjerande vil vere om den gjentekne forfølgninga skjer for det same forholdet. I dom frå EMD 10. februar 2009 blir det slege fast at forbodet mot gjenteken straffeforfølgning skal forståast slik at den forbyr rettsforfølgning av ei straffbar handling for andre gong dersom den hadde utspringet sitt i eit identisk faktum eller i eit faktum som i det vesentlege var det same som det som låg til grunn for den første straffbare handlinga.

EMK tilleggsprotokoll 7 artikkel 4 beskyttar altså mot gjenteken forfølgning, medan *samtidig* forfølgning gjennom parallelle prosessar derimot ikkje inneber en krenking av EMK. Straff og administrativ sanksjon kan påleggjast samtidig av høvesvis påtalemakta/domstolane og forvaltninga, eventuelt at to ulike administrative sanksjonar blir pålagde samtidig av forvaltninga, utan at dette vil innebere noka krenking av konvensjonen. I eit slikt tilfelle står dei ulike sanksjonane fram som element i ei samla sanksjonsutmåling.

Høgsterett har uttalt at kravet til samtidig må konkretiserast ut frå det føremålet vernet etter Protokoll 7 artikkel 4 har, nemleg å skåne parten for belastninga ved å bli utsett for ei ny straffeforfølgning. Dette kan uttrykkest slik at regelen skal beskytte lovbyraren si legitime interesse i å kunne leggje ei sak bak seg. Denne vurderinga må i følgje Høgsterett skje konkret.

Fiskeri- og kystdepartementet reknar såleis med at lovbrotsgebyr og straff i prinsippet vil kunne påleggjast samtidig, ut frå ei slik konkret vurdering som Høgsterett har gitt tilvising på.

I praksis vil likevel dette framstå som lite praktisk, (jf. nedanfor om val av «spor»). Prinsippet om å unngå gjenteken forfølgning for same forhold gjer det dermed nødvendig å samordne straff og administrative sanksjonar i havressurslova. Strafferettsapparatet og forvaltninga kan ikkje uavhengig av kvarandre og til ulik tid sanksjonere det same brotet. For det offentlege (forvaltninga, påtalemakta og domstolane sett under eitt) vil det som regel vere mindre ressurskrevjande med éin prosess enn fleire. Dessutan vil ei felles sanksjonsfastsetjing gi betre høve til å sjå sanksjonane i samanheng, slik at den totale reaksjon blir best mogleg tilpassa brotet. Forvaltninga må såleis prøve å sikre at fastsetjing av sanksjonar skjer gjennom éin prosess. Ein kan her bruke nemninga «einspora system», fordi sanksjonsfastsetjinga bør skje anten i det forvaltningsrettslege eller i det straffeprosessuelle sporet.

I praksis bør ein altså velje «spor» både for å vere sikker på ikkje å komme i konflikt med forbodet mot dobbelstraff, for å finne ein totalt sett korrekt og tenleg reaksjon og av prosessøkonomiske grunnar. I dei aller fleste tilfelle vil det vere forvaltninga som først blir merksam på lovbrotet. Både dette faktumet og synspunktet om at det ikkje skal brukast straff der eit lovbrotsgebyr er tilstrekkeleg, tilseier at forvaltninga bør vere den som vel spor, og at dette bør gjerast i den enkelte saka.

Brot på havressurslova er undergitt vilkårslaus offentlig påtale, jf. straffelova § 77. Dette inneber at politiet i utgangspunktet har ei etterforskningsplikt dersom ein blir kjent med brot, jf. straffeprosesslova § 224 første ledd. Det kan derfor vere ein viss fare, i alle høve i teorien, for at forvaltninga og politiet, uavhengig av kvarandre og utan å vite om kvarandre, arbeider med same sak. Havressurslova § 59 siste ledd regulerer derfor dette slik at lovbrotsgebyr og straff etter kapittel 12 i lova ikkje kan nyttast mot same lovbrot.

Den føregåande diskusjonen tek for seg spørsmålet om korleis ein skal gå fram ved val av ulike sanksjonsformer ved brot på éi føresegn. Eit anna spørsmål reiser seg når ei handling inneber brot på ulike lovføresegner, til dømes både føresegner i havressurslova og i anna fiskerilovgiving. Forbodet mot gjenteken straffeforfølgning kjem til bruk også i ein slik situasjon. Etter EMD sin praksis må ein vurdere om straffeforfølgninga spring ut av eit identisk faktum eller av eit faktum som i det vesentlege er det same. Kjem ein til ein slik konklusjon så vil forbodet mot dobbelstraff komme til bruk, og dei styresmakter som måtte vere involverte må koordinere handsaminga av saka.

## **5. Om lovbrotsgebyr i havressurslova**

### ***5.1 Generelt***

Dei viltlevande marine ressursane ligg til fellesskapet i Noreg og styresmaktene har eit ansvar for å forvalte desse ressursane på ein måte som sikrar ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønnsam forvaltning.

Ei ansvarleg ressursforvaltning er ei viktig samfunnsinteresse, og det er viktig at reaksjonar ved brot på reglane i fiskerilovgivinga har ei form og eit nivå som tener til å førebyggje brot på regelverket. Dette er avgjerande for ei ansvarleg og god ressursforvaltning, samtidig som det er nødvendig med omsyn til næringa. Det gjeld særleg fordi aktørane ved brot på regelverket kan oppnå ei fortjeneste på fleire millionar kroner. Det sentrale er å ramme kvoteunndraging og handlingar som medverkar til slike unndragingar og brot på tekniske reguleringar, direkte gjennom reaksjons- og sanksjonsreglane i havressurslova.

Departementet meiner det gjennom bruk av lovbrotsgebyr kan skje ei delvis avkriminalisering av handlingar som Fiskeridirektoratet i dag melder til politiet. Det skjer ved at handlinga etter sin art framleis er omfatta av eit straffebod, men der det blir lagt inn ein terskel for når saka blir meld til politiet. Det vil då særleg vere dei grove og gjentekne brota som blir melde til politiet. Lovbrotsgebyr vil såleis komme i staden for melding til politiet og handsaming i domstolen når det gjeld dei minst omfattande sakene. Det betyr at lovbrota i utgangspunktet er strafflagde, men lovbrotsgebyr vil medverke til ei enklare sanksjonering av brot på enkelte reglar i eller medhald av havressurslova.

Fiskeriregelverket inneheld ei rekkje rapporterings- og opplysningsplikter som skal sikre og dokumentere at kvoteføresegnene og andre tekniske føresegner blir følgde. Dette gjeld til dømes reglar om føring av fangstdagbok og reglar om landing og sluttsetlar. Majoriteten av dei sakene som blir melde til politiet, gjeld brot på slike reglar. Det vil kunne sikre ei tilstrekkeleg etterleving av regelverket dersom dei mindre brota på rapporteringspliktene blir sanksjonerte med lovbrotsgebyr. Det er ikkje mogleg å kontrollere alle næringsutøvarar, det er derfor nødvendig at sanksjonane blir utforma på ein slik måte at dei medverkar til å førebyggje brot på fiskerilovgivinga. Dei ulike typetilfella som er aktuelle ved sanksjonering med lovbrotsgebyr blir drøfta nedanfor.

I saker der etterforsningskompetanse eller tvangsmidlar er viktige for å oppklare lovbrota, kan det vere nødvendig med melding og straff, sjølv om det etter saka sin art kunne ha vore nytta lovbrotsgebyr. I dei tilfelle der saka er meld og politiet legg saka bort på grunnlag av at ho fell utanfor prioriteringane til påtalemakta, som til dømes av prosessøkonomiske grunnar, bør

saka kunne sendast tilbake til Fiskeridirektoratet for ei vurdering av om det likevel skal påleggjast eit lovbrotsgebyr. Departementet meiner at slike tilfelle ikkje vil komme i konflikt med forbodet mot gjenteken straffeforfølgning i Den europeiske menneskerettskonvensjon tilleggsprotokoll 7 artikkel 4.

Det er viktig at reglane er praktisk brukelege og at dei er utforma slik at ein kan reagere på ein passande og effektiv måte i høve til brotet på lovreglane. Det må gjelde for det nærare innhaldet av sanksjonane, kven som skal utferde dei og kven dei skal kunne rette seg mot. Storleiken på lovbrotsgebyret må kunne setjast så høgt at det ikkje vil lønne seg økonomisk å bryte regelverket. Det må likevel vere eit rimeleg samsvar mellom lovbrotet og sanksjonen. Når det blir pålagt eit lovbrotsgebyr vil nivået på gebyret vere viktig for om reaksjonen er tilstrekkeleg for å sikre ei god nok etterleving av regelverket. Blir lovbrotsgebyret sett for lågt vil ikkje føresegna verke etter føremålet sitt.

Vedtak om å påleggje lovbrotsgebyr vil vere endeleg i den forstand at det ikkje er krav om aksept frå parten si side for å vere gyldig. Eit lovbrotsgebyr vil likevel bli pålagt ved forvaltningsrettsleg enkeltvedtak som vil kunne påklagast etter dei allmenne klagereglane i forvaltningslova. Eit slikt vedtak vil også kunne bringast inn for domstolane, som behandlar saka i sivilprosessuelle former. Det følgjer av havressurslova § 59 tredje ledd siste punktum at domstolane også kan prøve storleiken på gebyret.

## **6. Verkeområde**

Verkeområdet for ei forskrift om lovbrotsgebyr reiser fleire problemstillingar. På den eine sida er det eit mål at visse typar lovbrotsbør avkriminaliserast om mogleg både når det gjeld sakleg og stadleg verkeområde, jf. tilsvarende verkeområde i havressurslova. Forskrifta bør også gjelde for alle utan omsyn til nasjonalitet. På den andre sida ligg det føre både praktiske og juridiske hindringar for at forskrifta kan få ei slik rekkevidde at ho gjeld for alle overalt allereie ved introduksjonen av lovbrotsgebyr som reaksjonsform.

Vi foreslår derfor at forskrifta skal gjelde for norske rettssubjekt på norsk fartøy, på norsk landterritorium unnateke Jan Mayen og Svalbard, i norsk sjøterritorium og indre farvatn, på den norske kontinentalsokkelen og i område oppretta med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone §§ 1 og 5. I tillegg foreslår vi at forskrifta skal gjelde for norske rettssubjekt utanfor dei nemnde områda så langt dette ikkje strir mot jurisdiksjonen til ein annan stat. For norske rettssubjekt foreslår vi altså at forskrifta får same verkeområde som havressurslova.

For å få til ei praktisk handterleg innføring av den nye reaksjonsforma vil det både for norske og utanlandske rettssubjekt i første omgang vere mest aktuelt å nytte lovbrotsgebyr for lovbrotsbør som blir avdekte ved landing av fangst. Lovbrotsbør som blir avdekte på sjøen vil i dei fleste høve vere resultat av kontroll av Kystvakta, og dei vil eventuelt bli melde i tråd med vanleg praksis. Det er likevel ikkje noko til hinder for at Kystvakta, ved mindre alvorlege brotsgjort av norske fartøy, kan sende saka over til Fiskeridirektoratet sitt regionkontor med oppmoding om å påleggje lovbrotsgebyr dersom faktum kan klarleggjast tilfredsstillande på sjøen. Det finst praksis for at politiet har løyst enkeltsaker tilsvarende og gitt ordinært førelegg som har blitt akseptert og gjort opp utan at fartøyet er ført til land. Fartøyet slepp då å bli ført til land for etterforsking av brotet. Nordmenn og norske fartøy/reiarlag vil også enkelt kunne krevjast for gebyret i ettertid. Det er kjent frå andre område, til dømes innkrevjing av bompengar, at det

kan vere svært vanskeleg å drive inn krav på utlendingar i utlandet. Det vil derfor kanskje ikkje vere praktisk at Kystvakta, når dei avdekkjer lovbrøt av utlendingar på sjøen, berre sikrar bevis og oversender saka til Fiskeridirektoratet sitt regionkontor for handsaming.

Vi ber likevel høyringsinstansane særskilt gje sitt syn på eit slikt utvida verkeområde også i høve til utanlandske fartøy, med vekt på dei praktiske sidene av dette.

Departementet ønskjer uansett å opne for ein viss bruk av lovbrotsgebyr overfor utlendingar, men vil i utgangspunktet avgrense dette til utlendingar som landar fangst i Noreg. Når først fartøyet ligg i hamn er det enklare for forvaltninga å avgjere om ein har tilstrekkeleg fakta og bevis til å påleggje lovbrotsgebyr eller om saka bør meldast. Det vert derfor gjort framlegg om at utlendingar kan påleggjast lovbrotsgebyr for brot på forskrift av 22. januar 2003 nr 57 om opplysningsplikt ved landing og omsetning av fisk (landingsforskriften). Denne forskrifta gjeld for landingar frå både norske og utanlandske fartøy.

I tillegg er det praktisk mogleg å påleggje utlendingar lovbrotsgebyr for brot på føresegner gitt i forskrift av 22. desember 2004 nr 1878 om utøvelse av fisket i sjøen (utøvelsesforskriften) når lovbrøtet blir avdekkja ved landing. Denne forskrifta gjeld for nordmenn i farvatn under norsk jurisdiksjon og utanfor desse farvatna med mindre anna er bestemt. For utlendingar gjeld denne forskrifta i Noregs økonomiske sone utanfor det norske fastlandet og i fiskerisona ved Jan Mayen med mindre anna er bestemt, jf. forskrifta § 1. Utøvningsforskrifta inneheld ei rekkje føresegner om reiskapsbruk, fredingstid, bifangst, minstemål m.m. Forskrifta har heimel både i lov om Norges økonomiske sone og i havressurslova.

Det er i dag ikkje berre praktiske, men også juridiske hindringar for å påleggje utlendingar lovbrotsgebyr for brot i same omfang som for nordmenn. Havressurslova § 59 gir heimel til å påleggje lovbrotsgebyr for brot på føresegner fastsett i eller i medhald av havressurslova. Rammene for utlendingar og utanlandske føretak sitt fiske i våre farvatn er i dag i hovudsak fastsett i forskrifter med heimel i lov av 17. desember 1976 om Norges økonomiske sone (soneloven) og lov av 17. juni 1966 om forbud mot at utlendingar driver fiske m.v. i Norges territorialfarvann. Det er i desse lovene ikkje innført heimlar om tvangsmulkt eller lovbrotsgebyr i samband med at den nye havressurslova tredde i kraft.

Det følgjer av det som er sagt ovanfor at ut frå dagens situasjon vil enkelte føresegner for utlendingar falle utanfor området for tvangsmulkt og lovbrotsgebyr. Alternative løysingar kan vere:

- 1) Ein kan velje å berre nytte tvangsmulkt og lovbrotsgebyr på område der både nordmenn og utlendingar i dag kan sanksjonast med heimel i havressurslova.
- 2) Ein kan velje å berre nytte tvangsmulkt og lovbrotsgebyr overfor nordmenn ut frå ei grunngeving om at administrative sanksjonar av denne type ikkje vil vere tilstrekkeleg effektive overfor utlendingar. Det kan vise seg vanskeleg å drive inn lovbrotsgebyr frå utlendingar og utanlandske føretak.
- 3) Ein kan arbeide for ei harmonisering av regelverket slik at ein har same høve til sanksjonar overfor nordmenn og utlendingar.

Målet er at tilfelle som liknar kvarandre blir behandla likt uavhengig av om ansvarssubjektet er norsk eller utanlandsk. Det er viktig å prøve å få til ei harmonisering av regelverket som gjeld for utlendingar og utanlandske føretak og nordmenn og norske føretak. Departementet

foreslår derfor at ein legg alternativ tre til grunn for det vidare arbeidet. Dette krev at ei rekkje forskrifter som regulerer utlendingars fiske i norske farvatn og som i dag er heimla i andre lover enn havressurslova, får ny heimel i havressurslova der det er høve til dette.

Dette vil i første rekkje gjelde forskrift av 13. mai 1977 nr. 2 om utlendingers fiske og fangst m.v. i Norges økonomiske sone og landinger i norsk havn (13. mai forskriften). Forskrifta inneheld føresegner om m.a. rapporteringsplikt og plikt til å føre fangstdagbok for utanlandske fartøy som har fått høve til å fiske i NØS. Dette området er nemnt spesielt i forarbeida som eit område der det vil vere aktuelt å bruke lovbrotsgebyr. Vidare er forskrift om utlendingers fiske og fangst mv. i fiskerisonen ved Jan Mayen berre heimla i sonelova. Dette gjeld også ei rekkje reguleringsforskrifter.

## **7. Nærare retningslinjer for bruk av lovbrotsgebyr**

Departementet meiner at forvaltninga må kunne nytte eit vidt skjønn til å avgjere når eit brot skal avgjerast med lovbrotsgebyr eller meldast. Det skal likevel nemnast at forvaltningspraksis må vere konsekvent og sikre likebehandling. Næringskomiteen kommenterer i Innst.O. nr. 45- 2007-2008 at dei føreset at det blir gitt klare retningslinjer for kva sanksjonsformer som skal nyttast i dei enkelte tilfella. Slike retningslinjer blir dregne opp nedanfor.

Det er grunn til å tru at ein administrativ sanksjon kan vere like effektiv som melding til politiet for dei fleste mindre brot. Meir alvorlege brot skal i alle høve meldast. Forvaltninga, som skal administrere ordninga, vil vere avhengig av ein viss kontinuitet i sakene både for å opparbeide og å behalde den nødvendige kompetansen i startfasen. Desse omsyna seier også at det må vere ei viss saksmengd for at forvaltninga skal kunne behandle desse sakene på ein effektiv og god måte.

Departementet har vurdert kva område det vil vere mest tenleg å ta i bruk lovbrotsgebyr på, og foreslår, i tråd med forarbeida til havressurslova, at lovbrotsgebyr i første omgang blir nytta for mindre brot. Desse sakene utgjør ein vesentleg del av dei sakene som i dag blir melde til politiet. Dei fleste sakene gjeld mindre alvorlege brot på føresegnene. Vanlegvis reagerer påtalemakta i dag på desse sakene med bot til skipper og inndraging for reiarlag/føretak. Det tyder at grensene for åtvaringsinstituttet vil gjelde som i dag. For dei marginale brota kan det giast ei åtvaring, med mindre det er snakk om gjentekne forhold.

Nedanfor set vi opp ein del føresegner som er aktuelle for bruk av lovbrotsgebyr. Denne lista er likevel ikkje fullstendig.

- Forskrift om oppgaveplikt for fiske- og fangsfartøy av 26. juli 1993 nr 772 inneheld ei rekkje føresegner som eignar seg for å sanksjon med lovbrotsgebyr.
  - føring av fangstdagbok § 3
  - føring av forenkla fangstdagbok § 5
  - oppbevaring av fangstdagbok § 6
  - innsending av fangstdagbok § 7

- innsending av leveringsoppgåve § 8

Dette tyder til dømes at der ein med vilje eller aktlaust har feilført, eventuelt late vere å føre ei korrekt mengd fisk i fangstdagboka, kan skipperen påleggjast eit lovbrotsgebyr i staden for å bli meld og få bot. I tillegg vil reiarlaget/føretaket kunne påleggjast eit lovbrotsgebyr på grunnlag av same brotet, i staden for inndraging og eventuell bot. Tilfelle der ein let vere å føre fangstdagbok, jf. forskrifta §§ 2 og 4, er så grove at det tilseier at dei bør meldast. Vi legg til grunn at lovbrotsgebyr vil kunne brukast på tilsvarande føresegner i forskrift om elektronisk rapportering etter kvart som ho trer i kraft for dei ulike fartøystorleikane.

- Forskrift av 22. januar 2003 nr 57 om opplysningsplikt ved landing og omsetning av fisk. Forskrifta inneheld reglar om opplysningsplikt ved landing av fisk og gjeld einkvar som tek imot eller kjøper slik fisk, jf. forskrifta § 1. Brot på føresegnene i denne forskrifta utgjer i dag ein vesentleg del av sakene som blir melde.
- Forskrift av 22. desember 2004 om utøvelse av fisket i sjøen:
  - Krav til utforming av reiskapar, kapittel 2 og 3 i forskrifta.
  - Avgrensingar i bruk av visse reiskapar, kapittel 4 og 5 i forskrifta.
  - Forbod mot å fiske bestemte artar til bestemte tider, kapittel 6 i forskrifta.
  - Reglane om bifangst og minstemål av fisk og forbod mot utkast og oppmaling, kapittel 7-10 i forskrifta.
  - Reglane om trålfiske i kapittel 11 og 12 i forskrifta og kapittel 13 om beskyttelse av korallrev.
  - Reglane om krav til at fartøy skal ha kalibreringsdokument og lasteromsteikningar om bord, kapittel 14 i forskrifta.
  - Merking av fiskefartøy og fiskereiskapar, kapittel 15 og 16 i forskrifta.
  - Om tap av reiskapar og orden på haustingsfeltet, kapittel 17 i forskrifta.
  - Om fangst, restitusjon og mellomlagring av fisk som skal haldast levande, kapittel 18 i forskrifta.
- Vidare vil brot på reglane om sports- og rekreasjonsfiske i §§ 22 og 23 i havressurslova kunne sanksjonerast med lovbrotsgebyr. Også andre tekniske reglar som går fram av utøvningsforskrifta og som gjeld for fritidsfiskarar, vil kunne sanksjonerast med lovbrotsgebyr ved handheving.
  - § 22 inneheld til dømes reiskapsavgrensingar for sports- og rekreasjonsfiske. Brot på desse føresegnene bør kunne avgjerast med lovbrotsgebyr med mindre det er snakk om alvorlege eller gjentekne tilfelle. Eit typisk døme her kan vere at fritidsfiskaren fiskar med større garnmengde enn tillete.
  - § 23 inneheld føresegner om omsetningsgrense for sports- og rekreasjonsfiske. Overskrid ein fritidsfiskar denne grensa vil meirfangsten kunne gi grunnlag for administrativ inndraging etter havressurslova § 54. Når dette blir oppdaga i ettertid kan det i tillegg til administrativ inndraging også påleggjast eit lovbrotsgebyr.



- Det blir lagt til grunn at lovbrotsgebyr vil kunne brukast på tilsvarande føresegner i forskrift av 21. desember 2009 om posisjonsrapportering og elektronisk rapportering for norske fiske- og fangstfarty etter kvart som den tre i kraft for dei ulike fartystorleikane. Vi nemner her §§ 3, 4, 8, 11-13, 16, 19, 20 og 21.

Føresegnene om føring av fangstdagbok, opplysningsplikt ved landing og omsetning av fisk, føresegnene om utøving av fiske og føresegnene om sports- og rekreasjonsfisk blir vurderte som prioriterte område i bruk av lovbrotsgebyr. Det er nokså mange saker som gjeld brot på desse områda og vi reknar med at lovbrotsgebyr vil sikre nødvendig etterleving for dei minst alvorlege av tilfella.

### **7.1 Forholdet til administrativ inndraging**

Administrativ inndraging av fangst hausta eller levert i strid med føresegnene gitt i eller i medhald av havressurslova er ikkje å rekne som ein sanksjon. Inndragingsføresegna i havressurslova § 54 (tidlegare saltvassfiskelova §§ 7 og 11) er ei objektiv føresegn. Når det først blir konstatert at eit fartøy har fiska meir enn den fastsette kvoten eller brote andre føresegner, så skal den ulovlege fangsten eller verdien av denne fangsten inndragast, utan nærare vurdering og utan omsyn til skuld hos den enkelte fiskar. Det går fram av lovforarbeida at meininga har vore å utforme føresegnene slik at handsaminga av den ulovlege fangsten kan skje etter objektive kriterium og på enklast mogleg måte. Vidare er det uttalt at det ikkje er tale om ei straffeliknande inndraging, men om ei regulering av eigedomsretten til tidlegare eigarlause ting (Ot.prp.nr.39 (1975-1976) side 4).

Føresegna om administrativ inndraging etter havressurslova § 54 kjem derfor ikkje i konflikt med føresegnene om lovbrotsgebyr. Ei typisk sak som fører til administrativ inndraging er at fiskaren, utan skuld, har fått ein ulovleg type eller ei ulovleg mengd bifangst. Denne ulovlege bifangsten har fiskaren ikkje rett til å behalde samtidig som han har plikt til å føre han i land. Den ulovlege bifangsten vil deretter bli inndregen.

Det kan tenkjast tilfelle der administrativ inndraging skjer samtidig som det er grunnlag for lovbrotsgebyr, eventuelt straff. Dette kan til dømes vere om den ulovlege fangsten med vilje er hausta i strid med føresegnene. Her kan det gjennomførast administrativ inndraging av den ulovlege fangsten samtidig som ein pålegg lovbrotsgebyr for handlinga, sjå Ot.prp. nr. 20 (2007-2008) pkt. 7.4.4.2. Ved utmålinga av lovbrotsgebyret må det sjølv sagt takast omsyn til verdien av den inndregne fangsten. Då administrativ inndraging ikkje er å rekne som ein sanksjon vil dette heller ikkje bli råka av forbodet mot dobbeltstraff i EMK, 7. protokoll artikkel 4 nr. 1.

### **7.2 Skuldkrav og utmåling**

Lovbrotsgebyr er ein administrativ sanksjon som blir brukt som ein reaksjon mot den som aktlaust eller med vilje bryt føresegnene. Kravet om skuld inneber at det blir sett ein terskel for når denne reaksjonstypen kan takast i bruk. Kan det ikkje påvisast aktløyse eller forsett hos den ansvarlege må styresmaktene la vere å påleggje lovbrotsgebyr.

Forsett og aktløyse er definert i ny straffelov av 20. mai 2005 nr. 28 §§ 22 og 23. Denne loven er rett nok ikkje tredd i kraft. Likevel vil det vere naturleg å leggje definisjonane i straffelova om forsett og aktløyse til grunn også for brot på føresegner som kan gi den administrative sanksjonen lovbrotsgebyr, jf. det som er sagt ovanfor om forholdet mellom sanksjonen og EMK art 6.

Forsett er i straffelova § 22 definert slik:

*Forsett foreligger når noen*

*a) handler med hensikt om å oppfylle gjerningsbeskrivelsen i et straffebud,*

*b) handler med bevissthet om at handlingen sikkert eller mest sannsynlig oppfyller gjerningsbeskrivelsen i et straffebud, eller*

*c) regner det som mulig at handlingen oppfyller gjerningsbeskrivelsen i et straffebud, og bestemmer seg for å foreta handlingen selv om gjerningsbeskrivelsen med sikkerhet eller mest sannsynlig skulle bli oppfylt.*

*Forsett foreligger selv om lovbrøtteren ikke er kjent med at handlingen er ulovlig, jf. § 26.*

Aktløyse er definert slik i straffelova § 23:

*Den som handler i strid med kravet til forsvarlig opptreden på et område, og som ut fra sine personlige forutsetninger kan bebreides, er uaktsom.*

*Uaktsomheten er grov dersom handlingen er svært klanderverdig og det er grunnlag for sterk bebreidelse.*

I dette ligg at normene for aktsemd kan variere frå område til område og frå personkrins til personkrins. Det finst likevel langvarig og omfattande rettspraksis for korleis aktsemdsnorma skal tolkast på ulike område i fiskerilovgivinga. Departementet vil nemne at det generelt ligg til grunn ei streng aktsemdsnorm for yrkesutøvarar, spesielt på eit område med mange reglar som kan vere nokså komplekse.

I havressurslova er kravet til skuld formulert i § 59 første ledd, første punktum som lyder: *Departementet kan pålegge den som med vilje eller aktaust bryt føresegner som er fastsette i eller i medhald av lova, lovbrotsgebyr.*

Uttrykket ”med vilje eller aktaust” tilsvarar ”forsett” og ”uaktsomhet” slik det er definert i straffelova §§ 22 og 23. Beviskravet er klar sannsynlegovervekt, jf. det som er sagt over i høve til EMK. Dette betyr at det ligg til forvaltninga å sørgje for full bevissikring og ei klar bevisvurdering.

Forvaltninga har ikkje dei same heimlane som politiet har til å etterforske og sikre bevis. Sett frå fiskarane sin ståstad vil det oftast vere i deira interesse at brot blir avgjorde med lovbrotsgebyr i staden for melding til politiet. Forvaltninga bør likevel uavhengig av dette, melde forholdet dersom dei blir hindra i å sikre nødvendige bevis.

Utmåling av lovbrotsgebyr kan anten skje ved faste satsar eller ved at gebyret blir utmålt konkret i det enkelte tilfelle. Forarbeida tilrår ei konkret utmåling i det enkelte tilfelle. Dette er også i samsvar med føresetnaden om at innføring av lovbrotsgebyr verken skal føre til mildare eller strengare sanksjonar enn tidlegare. Det må samtidig vere rimelig samsvar

mellom lovbrøt og reaksjon. Utmålinga vil ut frå dette ta utgangspunkt i den rettspraksis som allereie finst i tilsvarande saker. I havressurslova § 59 går det fram at det ved fastsetjing av gebyret, mellom anna kan takast omsyn til fortienesta eller den potensielle fortienesta som den ansvarlege har hatt ved lovbrøtet, kor alvorleg lovbrøtet er, og ekstra kostnader som kontrolltiltak og handsaming av saka har ført med seg. Lovgivar legg her opp til at forvaltninga skal ha eit vidt skjønning til å utmåle storleiken på gebyret.

I NOU 2003:15 Fra bot til bedring står det på side 26 at: *Der gebyret utmåles individuelt foreslår utvalget at det i lov eller forskrift skal fastsettes et maksimum og at det bør angi særlig hvilke momenter det skal legges vekt på.* Departementet er samd i at ein bør ha ei grense for kor høgt eit lovbrøtsgebyr kan setjast før ein melder forholdet til politiet. Departementet har gått igjennom eit utval av dommar frå lagmannsrettane og tingrettane og meiner på bakgrunn av denne gjennomgangen at det innafor havressurslova sitt område ikkje skal kunne påleggjast lovbrøtsgebyr over kr 100. 000 kr. Der lovbrøtsgebyr av denne storleiken ikkje er ein tilstrekkeleg reaksjon, må lovbrøtet meldast til politiet.

Departementet ønskjer at utmålingsreglane skal supplerast med to moment til; om den ansvarlege tidlegare har brote føresegnar i eller i medhald av fiskerilovgivinga og graden av skuld. Dette er moment som det i dag blir lagt vekt på i rettspraksis. Særleg vil det vere viktig å gi eit signal om at brot på regelverket, som isolert sett kvalifiserer til åtvaring, kan sanksjoneraast med lovbrøtsgebyr når dei blir gjentekne.

### **7.3 Tvangsmulkt**

Tvangsmulkt er å forstå som ei plikt til å betale ein pengesum ved brot på lova eller eit lovheimla vedtak, fram til at den som står for brotet har oppfylt pliktene sine. Tvangsmulka vil då fungere som eit pressmiddel, og har verka etter føremålet dersom den ansvarlege innrettar seg slik at han slepp å betale. Tvangsmulkt er ei reaksjonsform som tek sikte på å gjenopprette ein situasjon eller få slutt på ei viss åtferd. Ein tek såleis ikkje stilling til korleis situasjonen har oppstått eller om vedkomande er å klandre for dette. Pålegg om tvangsmulkt er eit enkeltvedtak og reglane i forvaltningslova blir nytta for eit slikt pålegg.

Tvangsmulkt er aktuelt der ein frist som følgjer av pålegg gitt av forvaltninga, ikkje blir oppfylt. I forarbeida er det nemnt at tvangsmulkt til dømes kan nyttast for å tvinge fram pålegg om rydding eller fjerning av etterlatne reiskapar i sjøen, jf. havressurslova § 28 andre ledd og pålegg om bruk av satellittsporingstutstyr om bord, jf. forskrift av 7. april 1999 om satellittbasert overvåkning av fiske- og fangstfartøys aktivitet. Departementet meiner at ei tvangsmulkt utmålt per dag vil vere eit effektivt verkemiddel for å sikre at pålegg blir følgde, og foreslår i § 3 i forskrifta at regionkontora til Fiskeridirektoratet får heimel til å påleggje tvangsmulkt. Eit slikt pålegg vil innehalde ein frist for å rette opp forholdet og kan samtidig innehalde eit vedtak om ei dagleg tvangsmulkt for kvar dag fristen blir overseten utan at forholdet blir retta. Dette kan medverke til at regelverket blir følgt på ein effektiv måte.

Det blir i § 4 i forskrifta foreslått at utmålinga av tvangsmulkt blir sett til ein fast dagsats knytt opp mot rettsgebyret (R), jf. § 1 i lov av 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr, på to gonger R. Rettsgebyret er per i dag kr 860,-. Fastsetjing av tvangsmulkt er knytt opp mot rettsgebyret i fleire andre regelsett, mellom anna i forskrift av 31. desember 2008 om fastsettelse av tvangsmulkt i henhold til skipssikkerhetsloven § 50.

Det blir vidare foreslått ein heimel for å avvike frå dagsatsen der det er forhold som tilseier ein lægre eller høgre sats. Bakgrunnen er at det å ikkje etterleve eit pålegg kan vere meir eller mindre alvorleg ut frå kva art brotet har, omfanget og kor lenge det har vart, og at det dermed er behov for å leggje et sterkare oppfyllingspress på den ansvarlege. Det blir i tillegg vist til at havressurslova § 58 gir departementet kompetanse til å kunne redusere eller fråfalle oppsamla mulkt i særlege tilfelle. Vedtak om å redusere eller fråfalle oppsamla tvangsmulkt er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Departementet meiner det er naturleg at det er same organet som har kompetanse til å påleggje tvangsmulkt som også har kompetanse til å redusere eller fråfalle mulkta. Vi foreslår derfor i forskrifta § 3 tredje ledd at departementet sin kompetanse blir delegert til regionkontora i Fiskeridirektoratet og at Fiskeridirektoratet er klageinstans.

#### **7.4 Sakshandsamingsreglar og innkrevjing**

Forskriftsforslaget legg opp til at kompetanse for å påleggje både tvangsmulkt og lovbrotsgebyr blir lagt til regionkontora til Fiskeridirektoratet og at Fiskeridirektoratet er klageinstans. Vi ber høyringsinstansane særleg vurdere om kompetansen bør ligge på alle regionkontora, eller om denne oppgåva heller bør leggjast til eitt eller to kontor.

Vedtak om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr er enkeltvedtak etter forvaltningslova og følgjer dei vanlege forvaltningsrettslege sakshandsamingsreglane. Dette betyr at det som hovudregel skal sendast førehandsvarsel til parten før vedtak blir gjort og parten skal ha høve til å uttale seg, jf. forvaltningslova § 16. Vidare følgjer det av § 17 at det er forvaltningsorganet som har plikt til å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak blir gjort. Partane har vidare høve til å gjere seg kjent med dokumenta i saka, jf. § 18. Dette inneber ein vidare innsynsrett enn når det gjeld bøtestraff pålagd av politiet.

Vidare følgjer det av kapittel 5 i forvaltningslova at vedtaket skal vere skriftleg, det skal grunngiast og forvaltningsorganet som har gjort vedtaket skal sørge for at partane får melding om vedtaket så snart som mogleg.

Når eit lovbrotsgebyr er pålagt inneber reglane om klage i forvaltningslova kapittel 6 at parten eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Fiskeridirektoratet som gjer endelig vedtak i saka. Vedtak om lovbrotsgebyr kan bringast inn for domstolane for prøving. I tillegg er det sagt eksplisitt i havressurslova § 59 tredje ledd at domstolane kan prøve storleiken på gebyret.

Det er i forslaget til forskrift i § 8 sett opp reglar om forfall og renter. Tvangsmulkt blir pålagd som ei dagmulkt dersom eit pålegg ikkje blir etterlevd innan ein fastsett frist. På bakgrunn av at det er lite tenleg med fortløpande og dermed dagleg innkrevjing av tvangsmulkt, er det teke inn ei føresegn om at mulkta tidlegast forfell 14 dagar etter fristen for å oppfylle pålegget. Dette inneber at etter forfall er det opp til forvaltninga å samle opp og sende krav på den mest tenlege måten.

For lovbrotsgebyr blir forfallsdato sett til 30 dagar etter at melding om vedtaket er kome fram til mottakar. Det er i lovgivinga på andre forvaltningsområde ulik praksis når det gjeld forfallstidspunkt for lovbrotsgebyr. Av omsyn til dei ansvarlege, og fordi lovbrotsgebyr kan komme opp i store summar, er det lagt opp til relativt lange betalingsfristar.

Ved klage kan den som har gjort vedtaket bestemme at forfallstidspunktet skal utsetjast til klagen er avgjort av overordna forvaltningsorgan jf. tredje ledd. Det bør ikkje opnast for å utsetje betalinga utover dette, sjølv om saka skulle bringast inn for retten.

Vi foreslår vidare i fjerde og femte ledd at tvangsmulkt og lovbrotsgebyr tilfell staten og at det ved forseinka betaling kjem til forseinkingsrente.

Kystvakta har i dag mynde til å gjere enkeltvedtak om åtvaring. Er forholdet meir alvorleg skal det meldast og saka skal sendast over til politiet.

Omsynet til ei einsarta handsaming av saker om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr tilseier at vedtakskompetansen blir avgrensa og at klagekompetansen blir lagd til eitt organ. Dette inneber at Kystvakta må sende over dokumentasjonen på dei brota som etter denne forskrifta vil kunne gi tvangsmulkt eller lovbrotsgebyr til eit regionkontor med kompetanse, på same måte som Kystvakta i dag sender tilsvarande saker til politiet.

Kystvakta vil likevel ha den same kompetanse som regionkontora med vedtaksmynde når det gjeld å vise skjønn når ein skal velje kva saker som skal avgjerast med tvangsmulkt eller gebyr og kva saker som skal meldast til politiet. Ved gjennomføringa av ei slik ordning må Fiskeridirektoratet utarbeide retningslinjer og gjere dei tilgjengelege for Kystvakta på same måte som for Fiskeridirektoratet sin ytre etat.

Fiskeridirektoratet vil ikkje vere bunde av Kystvakta si vurdering om ei sak skal påleggjast lovbrotsgebyr eller om ho skal meldast til politiet. Finn Fiskeridirektoratet at ei sak som er send for å bli pålagd eit lovbrotsgebyr, er så alvorleg at ho bør meldast, må Fiskeridirektoratet stå fritt til å gjere det.

## **8. Økonomiske og administrative konsekvensar**

En god del av dei sakene som i dag blir melde til politiet vil etter forslaget bli handsama av forvaltninga som administrative sanksjonar. For politi, påtalemynd og rettsvesen vil dette føre til ei tilsvarande mindre saksmengd og dermed innsparing.

Ut frå talet på dagens meldingar til politiet kan vi vente ei saksmengde på ca. 300 lovbrotsgebyrsaker per år. Pålegging av lovbrotsgebyr fører til at regionkontora til Fiskeridirektoratet sjølv i alle saker må hente inn og vurdere bevis, vurdere skuld og behandle sakene i tråd med reglane i forvaltningslova. Fiskeridirektoratet vil ha ansvar for retningslinjer, kompetanseutvikling, oppfølging, kontinuitet og innkrevjing. Ikkje minst vil det vere ei viktig oppgåve for Fiskeridirektoratet å føre kvalitetskontroll og sørge for at likebehandlingsprinsippet blir følgt.

I tillegg viser erfaringar som er gjort med innføring av lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr) i akvakulturlova at ein stor del av sakene blir klaga til overordna forvaltningsorgan som er Fiskeridirektoratet sentralt. Dette er ressurskrevjande saker som krev høg kompetanse.

Fiskeridirektoratet reknar med at innføring av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr vil føre til ein auka ressursbruk som svarar til tre årsverk i regionkontora samla og eitt årsverk i Fiskeridirektoratet sentralt.

## **9. Forslag til ny forskrift om lovbrotsgebyr og tvangsmulkt i medhald av havressurslova**

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår etter dette følgjande forskrift med heimel i lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) §§ 58 og 59:

### *§ 1. Stadleg verkeområde*

Forskrifta gjeld på norsk fartøy, på norsk landterritorium unnateke Jan Mayen og Svalbard, i norsk sjøterritorium og indre farvatn, på den norske kontinentalsokkelen og i område oppretta med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone §§ 1 og 5.

Utanfor områda som er nemnde i første ledd, gjeld forskrifta for norske rettssubjekt så langt dette ikkje strir mot jurisdiksjonen til ein annan stat. For utlendingar og utanlandske føretak gjeld forskrifta i område utanfor nokon stats jurisdiksjon når det følgjer av internasjonal avtale. I slike område gjeld forskrifta også for statslause fartøy og for fartøy som kan sidestillast med slike.

### *§ 2. Personelt verkeområde*

Lova gjeld for alle nordmenn innanfor det stadlege området til lova.

Forskrifta gjeld også for utlendingar som landar fangst i Noreg for brot på forskrift av 22. januar 2008 nr 57 om opplysningsplikt ved landing og omsetning av fisk og forskrift av 22. desember 2004 nr 1878 om utøvelsen av fisket i sjøen.

### *§ 3. Tvangsmulkt*

For å sikre at pålegg gitt i eller i medhald av havressurslova blir følgde kan regionkontora til Fiskeridirektoratet påleggje den ansvarlege løpande tvangsmulkt.

Tvangsmulкта byrjar å løpe frå det tidspunkt vedtaksstyresmakta fastset, men tidlegast frå vedtaksdato.

Regionkontora til Fiskeridirektoratet kan i særlege tilfelle, etter søknad, heilt eller delvis ettergi oppsamla tvangsmulkt. Fiskeridirektoratet er klageinstans.

### *§ 4. Utmåling av tvangsmulkt*

Tvangsmulkt blir sett til to gonger rettsgebyret (R) per dag, jf. lov om rettsgebyr § 1. Tvangsmulкта kan setjast lågare eller høgare dersom det ligg føre særlege forhold, men ikkje lågare enn 0,5 gonger R og ikkje høgare enn 5 gonger R. I vurderinga av om det skal påleggjast høgare tvangsmulkt skal det takast omsyn til om det er behov for å leggje eit sterkare oppfyllingspress på den ansvarlege.

### *§ 5. Lovbrotsgebyr*

Regionkontora til Fiskeridirektoratet kan påleggje lovbrotsgebyr til føretak eller den som med vilje eller aktaust bryt føreseigner gitt i eller i medhald av havressurslova.

#### § 6. *Utmåling av lovbrotsgebyr*

Gebyret skal fastsetjast konkret i kvart enkelt tilfelle. Ved utmålinga av gebyret skal det leggjast vekt på kor alvorleg lovbrotet er, fortenesta eller den potensielle fortenesta den ansvarlege har hatt ved lovbrotet, om det gjeld eitt eller fleire brot av same type, graden av skuld og ekstra kostnader som kontrolltiltak og handsaming av saka har ført med seg.

Det kan påleggjast lovbrotsgebyr med storleik inntil 100 000 kroner.

#### § 7. *Sakshandsaming*

Vedtak om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr er enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav b. Fiskeridirektoratet er klageinstans for vedtak om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr.

#### § 8. *Innkrevjing, renter m.m.*

Tvangsmulkt forfell tidlegast til betaling 14 dagar etter fristen for oppfylling.

Lovbrotsgebyret forfell til betaling 30 dagar etter at melding om vedtaket er komen fram til mottakar.

Det forvaltningsorganet som har gjort vedtaket kan bestemme at forfallstidspunktet skal utsetjast til vedtaket er endeleg dersom det blir klaga på vedtaket og klagen ikkje er openbert grunnlaus.

Tvangsmulkt og lovbrotsgebyret skal krevjast inn av Fiskeridirektoratet og tilfalle staten. Lovbrotsgebyr kan også krevjast inn gjennom salslaget ved motrekning i fangstoppgjer.

Ved forseinka betaling av tvangsmulkt og lovbrotsgebyret løper forseinkingsrente med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

#### § 9. *Ikrafttreding*

Forskrifta trer i kraft **xxxx**.